

Chr. M. Vestrheim AS

Kokstadveien 52  
5257 KOKSTAD

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Kari Elisabeth Io

Vår ref. Telefon  
2009/176 - 0 - 56 37 56 77  
27920/2010

Arkivkode: Dato:  
188/763 07.12.2010

## Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - nybygg garasjeanlegg/forretning. Innvendig VVS-anlegg.

**Knarvik Senterutvikling AS - gnr. 188 bnr. 763 - Gjervik ytre.**

Søknad m/ planteikningar for VVS, motteke 30.11.10, er godkjent på følgjande vilkår:

### **Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.**

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørge for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jmf. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og laveste sluk i hus.

For vannledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min.1,20 m på 63 mm. Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vannledning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Rekning for tilknytingsgebyr er sendt til Knarvik Senterutvikling AS.

Med helsing

for

---

Arne Eikefet  
einingsleiar teknisk drift

---

Kari Elisabeth Io  
saksbehandlar

Kopi til: Knarvik Senterutvikling AS v/Olav Kåre Vatnøy, Kvernhusaugane 2, 5914 Isdalstø

